



## Møte i Samarbeidsutvalet (SU)/ Skolemiljøutvalet(SMU).

tysdag 8. desember kl 19.00-20.30.

**Tilstades:** Jon Ove Lomheim(politisk vald), Wenche Sollid(FAU), Nina Hauge Sørensen(FAU), Lisbeth Skjerven(FAU), Kjerstin L Bremer (lærartilsett), Elisabeth Haganess (lærartilsett), Elin Anette Hillestad(andre tilsette) Kjell Ertesvåg(rektor).

**Forfall:** Kristian Ovrid(elevrådsrepr), Rune Gjerde(elevrådsrepr.).

### Sak 1-2015/16: Velkommen som SU/SMU-medlem

- Litt informasjon kring rolla som SU/SMU-medlem. Alle fekk utdelt informasjonsbrosyre om det å vere SU-medlem
- Presentasjon av medlemane

### Sak 2 -2015/16: Konstituering

- Leiar: Jon Ove Lomheim(politisk vald)
- Nestleiar: Wenche Sollid(FAU)
- Sekretær: Kjell Ertesvåg(rektor)

### Sak 3-2015/16: Skuleåret 2015/16

-Skulen sin utviklingsplan. Gjennomgang av den med fokus på kva satsingsområde skulen skal ha inneverande skuleår, og neste skuleår. Områda lesing, IKT, Tilpassa opplæring er kommunale utviklingsområde. Me stiller oss bak desse, samt at me ynskjer og å ha PALS-fokuset vårt. For skuleåret 2016/17 vil skriving komme som nytt satsingsområde, dette og med baggrunn i ungdomstrinnsatsinga som kjem då.

- Bygginga ved skulen. Det som er teke i bruk fungerar ok. Gjenstår noko som vert ordna fortløpande. Byggearbeidet pågår no for fullt i «hovudbygget». Skulen oppteken av at «skuledrifta» går som den skal innanfor dei retningslinjer og reglar om er. Me opplever at me får drive skule som ynskjeleg, så er alle partar innstilte på at dette året vert litt spesielt. Innstillinga til elevar, tilsette og foreldra er sær positiv. Prosessen med planlegging av møblering/inventar er no starta. Arbeidsplassar for lærarane, administrasjonen og personalrom vil vere på plass medio/sluttan av mars.

- Godkjening av ordensreglementet. Ynskjeleg at det vert lagt til eit punkt/oppmoding om at elevar ikkje skal handle butikken på skulevegen.

-Det vert jobba med retningslinger vedr bruk av mobiltlf ved skulen. Det er no til høyring «internt» på skulen. Kjem til FAU/SU/Elevråd på nyåret. Det vil og i 2016, vere ein «kommunal» runde på dette om ein evt skal gå for kommunale retningslinjer vedr mobiltelefon.

### Sak 4-2015/16: Orientering om resultat frå elevundersøking 2015

-Gjennomført for 5.-10. klasse. Det er positive resultat, og framgang frå sist år. Det er likevel forbetringspotensiale på mange område. Elevundersøkinga gir ikkje «fasitvaret» på korleis det er på skulen, men det er ein grei indikator saman med mange andre «kartleggingar». Kvar klasse har gått gjennom sine klasseresultat. Resultata vil etter kvart vere tilgjengelege på [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)



**Sak 5-2015/16: Orientering om resultat nasjonale prøvar 2015**

-Det er gjennomført nasjonale prøvar for 5.-8.-9. klasse. Resultata er tilgjengelege på [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)

Samla sett så skårar me for svakt på 5. klasse, spes i lesing og engelsk. På ungdomssteget har me gode resultat. Det er viktig å presisere at me ikkje ser kun på resultat på nasjonale prøvar i vurderinga. Nasjonal prøve er eit verktøy blant fleire kartleggingar/testar. Samla sett gir det gode bilde på stoda.

**Sak 6-2015/16: Innspel frå skulen/FAU til trafikktryggleiksplanen, hausten 2015.**

Skulen og FAU har sendt innspel til planen;

- på-/avstigningsfortau på Hestnes
- overgangsfelt Krekavegen/vegaskilet
- overgangsfelt Eikum Hotell/Luster sparebank
- gang- og/sykkelveg Hafslo sentrum - Moane

**Sak 7-2015/16: Retningslinjer for bruk av mobiltelefon ved skulen**

*-flytta til sak 3 – ordensreglement.....*

**Sak 8-2015/16: Ymse**

- Branntilsyn i november. Merknadar; rømningsskilt, rømningsvegar, el. apparat påslegne(rutinar), brannøving....
- heimesida til skulen skal vere «levande». Her skal det vere informasjon for alle involverte i skulen. Spm om «Råd og utval-fliken» kan byttast ut med SU/SMU/FAU....vert sjekka opp i....
- PPT Luster vert frå 1.1.15 ein del av det nye PPT, PPT Sogn. Dette gjer at ein no er i ein overgangsfase. Den har sålangt vore noko «trøblete» for oss som skule. Ansvarsmøte vedr fleire av våre elevar med spes.ped-vedtak er ikkje vorte gjennomførte.
- Skulen er spent på den nye ordninga, og korleis den vil fungere frå årsskiftet.
- Vidare bruk av «Luster vgs».....Viktig at skulen/FAU/SU melder inn sine meiningar/tankar kring dette.
- Møteplan for SU/SMU; **08.12.15 / 23.02.16 / 10.05.16**

Møtet vart avslutta med ein synfaringsrunde på deler av bygget.

Merknadar til referatet vert arkivert saman med referatet.

Hafslo, 11.12.15

Kjell Ertesvåg  
-referent-

